



Hardangerrådet iks



Hardanger

Til Representantane.

ÅRSMØTET 2023

I

HARDANGERRÅDET IKS

Dato: Torsdag 30.03.2023

Stad: Kommunestyresalen i Eidfjord

Tid: Klokka 09.00 - 10.30

Representantskapet er Årsmøte

Agenda:

Kl. 09.00 - 10.30 Årsmøte Hardangerrådet IKS

Innkallingsfristen er 4 veker. Til dette møtet er det sett opp årsmøtesaker etter Selskapsavtalen § 6.

Sakliste:

Konstituering:

***Godkjenning av innkalling og agenda.**

***Val av møteleiar og to representantar til å skriva under møteboka.**

Årsmøtesak 01/23

Årsmelding 2022 og Rekneskap 2022

Vedlegg 1 og 2

Årsmøtesak 02/23

Rammebudsjett 2023 og økonomiplan 2024-2026.

Vedlegg 3

Årsmøtesak 03/23

Arbeidsplan 2023 - 2024

Vedlegg 4

Årsmøtesak 04/23

Val av rekneskapsfører og revisor for 2024

Årsmøtesak 05/23

Godtgjersle til styret for 2023

Årsmøtesak 06/23

Val av styre

Årsmøtesak 07/23

Innkomne saker

Andre saker til Årsmøtet 2023 må vera styret i hende innan 16.03.2023

Representantar som ikkje kan møta gir melding om dette til Trude L. Rinaldo i Hardangerrådet (Tlf 53 67 14 50) og kallar sjølve inn vararepresentantar.

Ta kontakt med dagleg leiar Jostein Eitrheim dersom det er spørsmål til innkalling eller dokument.

Kinsarvik 28.02.2023

Med fruktbar helsing Hardangerrådet iks

**Roald Aga Haug/s
Rådsordfører**

**Jostein Eitrheim/s
Dagleg leiar**

Kopi av innkallinga til kommunane.



Årsmøtesaker Hardangerrådet iks 30.03.2023

Årsmøtesak 01/23

Årsmelding 2022 og Rekneskap 2022

(Årsmøtevedlegg 1 og 2)

Styret skal leggja fram Årsmelding og Revidert rekneskap 2022 for årsmøte i Representantskapet. Vestlandsrevisjon reviderer rekneskapen når han er underskriven av styret saman med årsmeldinga. Dette vert lagt fram for årsmøtet.

I denne saka ligg vedlagt framlegg til årsmelding 2022 og rekneskap 2022 frå styret.

Årsmeldinga 2022 oppsummerer både formelle fakta og eit utdrag av aktiviteten gjennom året. Her balanserer ein mellom omsyna til informasjon og omfang.

Nyttårsbrevet og Årsmeldinga viser til aktivitetar det har vore fokus på i rapporteringsåret. Hardangerrådet iks spreier seg på mange tema, men så har også regionen utfordringar på mange område. I den kommunale kvardagen viser det seg at regionen treng politisk samordning i tenesteproduksjon og i næringsarbeidet.

Rekneskapen 2022 for Hardangerrådet iks er sett opp etter rekneskapslova som vanleg. Rekneskapen viser totalaktiviteten vår medrekna etablerarfondet, restmidlar frå næringsfondet, kraftlinemidlane og prosjekt. Hardangerrådet iks held likviditet til drift av prosjekt mellom løpande utbetaling og løyving frå finansieringskjelder. Hardangerrådet iks har ein god eigenkapital i høve aktiviteten, opparbeidd sidan 2002, og overskot/underskot vert ført mot denne.

Også for 2022 har økonomirapporteringa til styret vore tertialvis. Styret har korrigert budsjett og økonomisk aktivitet i tråd med tertialmeldingane frå rekneskapsførar. Hardangerrådet iks hadde i 2022 omsetning på om lag 3,5 mill. kr. inklusive Regionalt Etablerarfond for Hardanger og Kraftlinefondet. Resultatrekneskapen for heile Hardangerrådet viser driftsresultat med underskot på kr 389.123.

Resultatrekneskapen varierar frå år til år og vert regulert via eigenkapitalen i selskapet, som pr 31.12.22 er på 2.378.869 medrekna bunden eigenkapital på 92.000 kr. Det er viktig for Hardangerrådet iks å ha god eigenkapital og likviditet for at ein tåler å driva prosjektarbeid. Prosjektaktivitet er nødvendig for utviklinga av Hardanger, er nyttig inntektskjelde for Hardangerrådet iks og buffer for Pensjonsansvaret til selskapet. Det rekneskapsmessige resultatet av Prosjekt 1 (kontordrifta i Hardangerrådet iks) i 2021 viser det same underskotet på kr 389.123 avstemt for dei prosjekta som skal førast i balanse.

Hardangerrådet har ikkje avgiftspliktig salg, fordi omsetning er under 50.000. (Dette gjeld Merkevara Hardanger).

Hardangerrådet kjem inn under momskompensasjonsordninga, og i 2022 er refusjonen på kr 148.061 i reduserte kostnader.

Framlegg til vedtak Årsmøtesak 01/23:

Styret i Hardangerrådet iks tilrår Årsmøtet å gjera slikt vedtak:

- a) Årsmelding for Hardangerrådet iks 2022 vert vedteken slik den ligg føre.
- b) Rekneskapen for Hardangerrådet iks 2022 vert vedteken slik den ligg føre.

Årsmøtesak 02/23 Rammebudsjett 2023 og Økonomiplan 2024 - 2026. (Årsmøtevedlegg 3)

Systemet for budsjettering i Hardangerrådet iks er slik at Representantskapet gjer vedtak om eit rammebudsjett og ein 4 årleg økonomiplan på Årsmøtet. Rammebudsjettet er 1. året i økonomiplanen. Spørsmålet om eit årleg detaljbudsjett er vanleg å delegera til styret som fastset det i eit møte før årsskiftet.

Tilskotet frå kommunane dekkjer ikkje alle driftskostnadane i Hardangerrådet iks. Andre kostnader vert dekkja inn gjennom eigeninntening, hovudsakleg gjennom overhead frå prosjektarbeid. Tilskotet frå kommunane vart f.o.m. 2021 redusert med 26% eller omlag 700.000. Dette medførte eit driftsunderskot for 2021 på kr 271.270 og kr 389.123 for året 2022. Økonomiplanen gjeld for perioden 2024-2026.

Framlegg til vedtak Årsmøtesak 02/23:

Styret i Hardangerrådet iks tilrår Årsmøtet å gjera slikt vedtak:

- a) Rammebudsjettet for 2023 og økonomiplan 2024-2026 vert godkjent slik dei ligg føre.
- b) Styret får fullmakt til å vedta detaljbudsjett 2023 med justeringar innanfor rammebudsjettet 2023.

Årsmøtesak 03/23 Arbeidsplan 2023 - 2024 (Årsmøtevedlegg 4)

I følgje vedtektene skal Årsmøtet vedta ein arbeidsplan for selskapet. Arbeidsplanen 2023 - 2024 byggjer på den vedtekte strategiplanen.

Framlegg til vedtak Årsmøtesak 03/23:

Styret i Hardangerrådet iks tilrår Årsmøtet å gjera slikt vedtak:

Arbeidsplan for Hardangerrådet iks 2023 - 2024 vert vedteken slik han ligg føre. Årsmøtet delegerar til Representantskapet å godkjenne endringar i Arbeidsplanen dersom dette vert aktuelt.

Årsmøtesak 04/23 Val av rekneskapsfører og revisor for 2024.

Årsmøtet skal i følgje Selskapsavtalen velja rekneskapsfører og revisor kvart år. Hardanger Økonomiservice AS er valt til rekneskapsfører og Vestlandsrevisjon IKS er valt til revisor for 2023 for Hardangerrådet iks. Dette fungerer svært godt og styret tilrår attval for 2024.

Framlegg til vedtak Årsmøtesak 04/23:

Styret i Hardangerrådet iks tilrår Årsmøtet å gjer slikt vedtak:

- a) Vestlandsrevisjon IKS vert valt til revisor for Hardangerrådet iks for 2024.
- b) Hardanger Økonomiservice AS vert valt til rekneskapsfører for Hardangerrådet iks 2024.

Årsmøtesak 05/22 Godtgjersle til styret for 2023

Årsmøte 2022 gjorde slikt vedtak i Årsmøtesak 05/22:

Vedtak 05/22:

Godtgjersle til styret i Hardangerrådet iks for 2022 vert:

Styreleiargodtgjersle kr 6000,- pr år.

Møtegodtgjersle kr 2000,- pr møte

Framlegg til vedtak Årsmøtesak 05/23:

Styret i Hardangerrådet iks har ikkje tilråding til Årsmøtet.

Årsmøtesak 06/23 Val av styre

I følgje Lov om IKS § 10 skal Representantskapet velja styre og ifølgje Selskapsavtalen skal Årsmøtet velja funksjonane leiar og nestleiar. Det er 2-årige valperiodar og valet er for 2 og 1 av medlemmene annakvart år. Varamedlemmene er valde for eitt år om gongen. Begge kjønn skal vera representert i styret og på varalista. I 2012 vart det bestemt at rådsordførar er valnemnd.

På val i år er styremedlemmene Jostein Ljones og Hans Petter Thorbjørnsen samt varamedlemmene som skal veljast kvart år.

Likeeins skal årsmøtet velja styreleiar og nestleiar for 1 år.

Framlegg til vedtak Årsmøtesak 06/23:



Rådsordførar som valnemnd legg fram tilråding til Årsmøtet.

Andre saker til Årsmøtet 2023 må vera styret i hende innan 16. mars 2023.



Årsmelding 2022

Hardangerrådet iks



Innhald:

Innleiing - Oppsummering

Organisasjon

- Generelt
- Strategiar
- Styret 2022
- Regionrådet/ Representantskapet 2019-2023
- Hardingtinget
- Hardanger og Voss Ungdomsråd 2021/2022/2023
- Rådmannsforum 2022
- Andre representasjonar 2022
- Administrasjon og personale
- Pensjon og KS-medlemskap
- Rekneskap og revisjon
- Fjordvegen Rute 13

Møte og saker i Hardangerrådet

- Styret
- Representantskapet/Regionrådet
 - Inviterte til Hardangerrådet for å gje orienteringar
 - Søknader/støtte
 - Andre saker m.a.
 - Uttalar
- Hardingtinget 2022
- Fellesmøte Indre Vestland
- Kompetanseforum Hardanger-Voss
- Internasjonale prosjekt
- Næringsfondet
- Kraftlinemidlane
- Hardanger og Voss Ungdomsråd
- Rådmannsforum
- Samarbeidsrelasjonar
- Team Hardanger - Ei dør inn
- www.hardanger.com
- Hardangerkonferansen 2022

Økonomi / rekneskap

- Rekneskap 2022 med budsjett.
- Revisormelding 2022

Vidare drift

- Arbeidsmiljø og personale.
- Likestilling.
- Miljø.

Innleiing – oppsummering aktivitet

Styret i Hardangerrådet iks legg med dette fram Årsmelding og Rekneskap for året 2022. Oppgåvene i Hardangerrådet er varierte og spenner vidt. Grunnlaget for aktivitetane i Hardangerrådet iks er Årsmøtevedteken arbeidsplan

Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd.

Organisasjonen

Generelt

Hardangerrådet iks er eit interkommunalt selskap, oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap av 29.01.1999 nr 6, med kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik som medlemmar.

Føremål: Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid.

Føresetnad: Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd.

Målsetjingar

Hovudmålet med det interkommunale samarbeidet er:

1. Å bygga ein sterk region med samhandling, løysingar og nettverk på tvers av kommunane.
2. Å vera eit strategisk organ for Hardanger og bidra til ei berekraftig utvikling og styrking av regionen på ulike arenaer gjennom å ha ei nøkkelerolle i forhold til regional fornying, innovasjon og omstilling.
3. Å driva regional utvikling med fokus på breie og opne prosessar utøvd på tvers av sektorar, oppgåver og nettverk.
4. Å utvikla regionen gjennom samarbeid mellom kommunane med fokus på identitet, attraktivitet, næring, kompetanse, skule og helse.
5. Å gje felles fråsegner på vegne av kommunane overfor fylke, sentrale styresmakter og andre i saker der dette er naturleg.
6. Å samarbeida med andre regionråd og driva aktiv distriktpolitisk arbeid for å fremja viktige regionale saker, både internt men også overfor styresmakter på fylkes- og statleg nivå.
7. Hardangerrådet skal i si verksemd utgjera ein meirverdi for medlemskommunane i høve til å forsterka interessene deira inn mot regionale og sentrale styresmakter.

Strategiar:

1. **Regional utvikling** : Distriktpolitisk arbeid, samarbeid mellom regionråd, attraktivitet, aktivitetar, kultur, digitalisering, omdøme/vertskap.
2. **Innbyggjarar**: Demografi, kompetanse, lytta til ungdomane, innsats for tilflytting.
3. **Næringsutvikling** : Viktige næringar, utdanning, heilårsarbeidsplassar, rett kompetanse, attraktivitet.
4. **Infrastruktur**: Samferdsel og digital infrastruktur/5G
5. **Smart innovasjon**: Betre utnytting av ressursar, arbeidstakarar, forvaltningssystem, utvikling, attraktivitet.

Med utgangspunkt i målsetjingar og strategiar arbeider Hardangerrådet etter godkjent arbeidsplan. Denne Årsmeldinga er ein samanfatta status for 2022.

Styret 2022:

Styreleiar: Jostein Ljones, Tangavegen 21, 5620 Tørvikbygd
Nestleiar: Solfrid Horne-Moe, Langåkeravn. 11, 5770 Tyssedal
Styremedlem: Hans Petter Thorbjørnsen, Aplabrotet 4, 5730 Ulvik

1. varamedlem: Astrid Oma Seljestad, Omavegen 125, 5632 Omastrand
2. varamedlem: Finn Kristoffersen, Eidesmoen 3, 5750 Odda

Rådsordførar har møte- og talerett i styremøter.
Dagleg leiar er sekretær for styret.

Rådsordførar:

- Roald Aga Haug (Ap), Ullensvang

Rådsvaraordførar:

- Anders Vatile (Sp), Eidfjord

Regionrådet/Representantskapet 2019-2023

Ordførar er representant med varaordførar som vararepresentant.

	<u>Ordførar:</u>	<u>Varaordførar:</u>
Eidfjord kommune:	Anders Vatile(Sp)	Aslak Læg Reid (H)
Kvam herad:	Torgeir Næss (Ap)	Frode Nygård (Frp)
Ullensvang kommune:	Roald Aga Haug (Ap)	Kjellaug Hoås Samland (Ap)
Ulvik herad:	Hans Petter Thorbjørnsen (Ap)	Jens Olav Holven (Sp)

Hardingtinget 2022

Hardingtinget er samansett av formannskapa i dei 4 Hardangerkommunane, totalt 28 representantar inklusive ordførarane: Eidfjord og Ulvik har 5 representantar kvar, Kvam og Ullensvang har 9 representantar kvar.

Hardanger og Voss Ungdomsråd(HU) 2022/2023:

Are Dalseide	Eidfjord Ungdomsråd, Leiar
Martinius Næss Solheim	Eidfjord Ungdomsråd, Nestleiar
Ida Djupevåg	Kvam Ungdomsråd, Leiar
Malene Utskot, Nestleiar HU	Kvam Ungdomsråd, Nestleiar
Isa Bayati	Ullensvang Ungdomsråd, Leiar
Emilie Srow	Ullensvang Ungdomsråd, Nestleiar
Sophia Basilio	Ulvik Ungdomsråd, Leiar
Johanne Hjeltnes	Ulvik Ungdomsråd, Nestleiar
Marie Hoel-Hansen	Voss Ungdomsråd, Leiar
Camilla Solberg, Leiar HU	Voss Ungdomsråd, Nestleiar

Hardanger og Voss Ungdomsråd(HU) 2021/2022:

Emilie Vivelv Tveit, Nestleiar HU	Eidfjord Ungdomsråd, Leiar
Joakim Pedersen	Eidfjord Ungdomsråd, Nestleiar
Sander Eide Aase, Leiar HU	Kvam Ungdomsråd, Leiar
Ida Djupevåg	Kvam Ungdomsråd, Nestleiar
Isak Al Bayati	Ullensvang Ungdomsråd, Leiar
Medlem	Ullensvang Ungdomsråd, Nestleiar
Tillmann Hein Grosser	Ulvik Ungdomsråd, Leiar
Medlem	Ulvik Ungdomsråd, Nestleiar
Emma Smördal	Voss Ungdomsråd, Leiar
Camilla Solberg	Voss Ungdomsråd, Nestleiar

Rådmannsforum 2022:

Geir Underhaug	Rådmann Eidfjord
Thore Hopperstad	Rådmann Ulvik
Anita Hesthamar	Rådmann Kvam, leiar
Ole-Jørgen Jondahl	Rådmann Ullensvang

Andre representasjonar i 2022:

- Styret i Visit Hardangerfjord: Rådsordførar Roald Aga Haug med rådsvaraordførar Anders Vatle som vararepresentant
- Prosjekt "Hardangerkonferansen 2022": Roald Aga Haug, Torgeir Næss og Jostein Eitrheim
- Referansegruppe Siderklyngeprosjekt: Jostein Eitrheim
- Kompetanseforum Hardanger-Voss: Jostein Eitrheim
- Rein Hardangerfjord: Jostein Eitrheim
- Politisk samarbeidsgruppe for utforming av Vestland sin fyrste klimaplan: Anders Vatle
- Styringsgruppe for regional reiselivsplan for Hardanger: Regionrådet

Administrasjon og personale:

Jostein Eitrheim	dagleg leiar (100 % stilling)
Trude Lægreid Rinaldo	konsulent (100 % stilling)
Hanne Sundbø	seniorkonsulent Fjordvegen Rute 13 (50 % stilling)

Pensjon og KS-medlemskap

Hardangerrådet iks er medlem av KLP – Kommunal Landspensjonskasse

Hardangerrådet iks er medlem av KS Bedrift.

Rekneskap og revisjon

Hardanger Økonomiservice AS var i 2022 rekneskapsfører for Regionrådet og prosjekt, der lønskøyning også inngår i avtalen.

Vestlandsrevisjon IKS er valt som revisor for 2022.

Fjordvegen Rute 13

Fjordvegen Rute 13 er eit interesseselskap der Gerd Helen Bø er styreleiar. Fjordvegen Rute 13 kjøper sekretærtjenester hos Hardangerrådet iks og funksjonen som dagleg leiar og fekk 198.000 kr for det i 2022. Hanne Sundby er tilsett i 50%-stilling i Hardangerrådet med funksjon som seniorkonsulent for Fjordvegen Rute 13. Omsetnad i 2022 har vore kr 1.110.230. Resultat 2022 for Fjordvegen Rute 13 var eit overskot på kr 121.065. Rekneskap og revisjon går utanfor Hardangerrådet iks.

Møter og saker i Hardangerrådet iks

Styret hadde 3 styremøter i 2023 og handsama 14 saker.

Styret deltok på årsmøte i Hardangerrådet iks.

Saker i styret m.a.:

- Arbeid med budsjett, årsmelding og rekneskap
- Årsmøtesaker etter vedtektene
- Avtala arbeids- og lønsvilkår for dei tilsette
- Regionrådet si rolle vs fylkeskommunen
- Samarbeid med rådet om strategiar og arbeidsplan.

Representantskapet/Regionrådet hadde 6 rådsmøter i 2022 i tillegg til Årsmøtet 01.04.2022 og 1 fellesmøte med Sogn Regionråd.

Regionrådet, som er ordførarane i Hardangerkommunane handsama 42 saker i tillegg til eit tal orienterings- og drøftingssaker.

Inviterte til Hardangerrådet for å gje orienteringar:

- Kåre Hansen, Norce om Fjernarbeidsplassar
- Lars Marius Ulfrstad, Statforvaltaren om sosial bustadpolitikk
- Anna Marie Langeland og Bjarte Alræk, Husbanken
- Olivia Marie Bakketun, Statsforvaltaren om Flomvarsel 5000
- Bent Gunnar Næss, Regionrådet for Nordhordland
- John Vonli, Adm.dir The Fjords
- Andrid Solaas og Håkon Gjerde, Hardanger produksjonskule og Fagskulen Vestland

Søknader/støtte:

- Medfinansiering Regional reiselivsstrategi Hardanger, kr. 80 000 frå restmidlar
- Tilskot til Radio Folgefonn, kr. 75 000 frå restmidlar
- Tilskot til Norsk Hydrogensymposium 2022, kr. 25 000 frå restmidlar
- Tilskot til mellomfase i prosjektet "Nasjonalt frukt- og sidersenter på Lofthus", kr. 150 000 frå restmidlar kraftlinjefondet

Andre saker m.a.:

- Nytt Rekrutterings-tilflyttingsprosjekt for Hardanger
- Rein Hardangerfjord - verdas største ryddeaksjon
- Felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden
- Førebu møte med Stortingsbenkane Hordaland og Sogn og Fjordane
- Avtale mellom Hardangerrådet og HMM Helsehjelp Ukraina

Uttalar:

- Felles uttale frå Hardangerrådet og Sogn regionråd vedr. straumprisane
- Uttale vedr. ny energikommisjon om at industri- og kraftproduserande regionar må vera representert med forslag om kandidat
- Uttale vedr. søknad om avkorta driftssesong 2022 for Turistbåtruta
- Uttale vedr. Planprogram - Regional plan for fornybar energi VLFK
- Uttale vedr. RTP 2022-2023 Handlingsprogram og investeringsprogram
- Uttale vedr. mogeleg reversering av domstolreforma
- Støtteuttale vedr. Hardanger og Voss museum for auka statleg driftstilskot
- Støtteuttale vedr. søknad om "Royal orden" for Goodwillambassadør Rio Yamase
- Støtteuttale vedr. bekymring av brislingfiske i deler av Hardangerfjorden
- Forna uttale vedr. reversering av domstolstruktur.

Hardingtinget 2022

Tema for dagen:

- Ny regional reiselivsstrategi for Hardanger v/ Visit Hardangerfjord og Mimir
- Kraftsituasjonen/Straumprisar - kva kan gjerast? v/ Torfinn Opheim/Lvk

Fellesmøte med Indre Vestland

Hardangerrådet og Sogn Regionråd med Voss herad hadde fellesmøte i Balestrand 9.-10.mai 2022, lunsj til lunsj. På dagsorden var desse aktuelle temane:

Flyktningsituasjonen; Grøn region Vestland - vegen vidare; Statnett sine utbyggingsplanar for Vestland; Kraftsituasjonen - dilemmaer i norsk energipolitikk og straumprisar.

Kompetanseforum Hardanger-Voss

Hardangerrådet er leiar av arbeidsgruppa "Kompetanseforum Hardanger-Voss" på vegne av Vestland fylkeskommune. Me er ei regional arbeidsgruppe som ser på regionale behov for: Ny kompetanse, desentralisert utdanningstilbod, dimensjonering av utdanningstilboda, karriere-rettleiing og vidare- og etterutdanning.

I dette nettverket er det represenantar frå skule, næringsliv, Team Hardanger, Vestland fylkeskommune, NAV, næringshagar og Hardangerrådet. Målet er gode regionale løysingar for å møta lokale kompetansebehov no og i framtida, og tetta kompetansegapet.

Internasjonale prosjekt

Lokal kultur-Internasjonal Sider 2020-2023

3-årig prosjekt med 9 partnarar frå 4 land, der universitet, forsknings- institusjonar, produsentar, produsentlag, kommunar og regionråd er med. Målet er å utvikla sider/vin til internasjonale kvalitetsprodukt som er knytta til bestemte områder, der produkta også får betydning for attraktivitet, lokalt reiseliv og lokal distriktsutvikling.

Stride 4 Stride - sammenheng mellom skule og arbeidsliv 2020-2023

3-årig prosjekt med 13 partnarar og 7 land, der fylkeskommunar, regionråd, vgs- skular med yrkesfag. Mål er flexibelt utdanningssystem som tettar kompetansegap, og som også er tilgjengeleg i distrikta.

Næringsfondet

Hardangerrådet IKS har pr 31.12.2022 kr 256 535 i midler som ikkje er utbetalt. Av beløpet er kr 92.918 disponert og kr 163.617 udisponert.

Kraftlinemidlane

Kraftlinefondet har pr 31.12.2022 totalt kr 871.946 som ikkje er utbetalt. Av beløpet er kr 600.000 disponert og kr 271.946 udisponert.

Hardanger og Voss Ungdomsråd

Hardanger og Voss Ungdomsråd har dette året hatt 5 rådsmøter, eit var digitalt. Leiar har vore Sander Eide Aase, Kvam ungdomsråd (juni 2022) og nestleiar Emilie Tveit, Eidfjord ungdomsråd. Rådet utviklar seg heile tida, og set mange viktige tema på dagsorden.

Viktige saker og møter i 2022 har vore:

- Møte med Opplæringskontora i Hardanger
- Fokus på faget: **Utdanningsval** - avdekka svært ulik praksis på skulane
- Planlegging og gjennomføring av Hardanger Ungdomsting. Hovudtema var Rein Hardangerfjord og Utdanningsval

Rådmannsforum hadde 1 møte i 2022

Det vart halde berre eitt møte i rådmannsforum i 2022, men rådmenna deltok i fleire fellesmøter, både med Hardangerrådet og i fellesmøte med Indre Vestland og rådmannsforum.

Samarbeidsrelasjonar.

Hardangerrådet vedlikeheld sine relasjonar til samarbeidspartar i Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland, Innovasjon Norge og KS-Vestland. I tillegg har me kontakt med regionråda i heile Vestland. Dette er for gjensidig informasjon og påverknad og kontakten varierer etter kva saker som skal løysast.

Team Hardanger. «Ei dør inn»

Team Hardanger (TH) er eit nettverk av Hardanger sine kommunale og regionale næringsansvarlege og etablerarretteleiarar, leiarane i dei to næringshagane i Hardanger og dagleg leiar i Visit Hardangerfjord. TH har også i 2022 vore leia av Jan Tjosås, næringsssjef i Kvam herad, men vart avløyst av Mona Hellesnes, næringsjef i Ulvik herad november 2022. TH er koordinert av Hardangerrådet iks og har hatt 4 møter.

Viktige saker i 2022:

- Modell for organisering /samhandling - Rollefordeling.
- Nytt tilflyttar/rekrutterings prosjekt for Hardanger
- Sluttrapport og vidareføring av Grøn region Indre Vestland
- Besøksforvaltning Hardanger
- Reiselivsstrategi for Hardanger
- Kompetanseforum Hardanger Voss

www.hardanger.com

Hardanger er no på www.hardanger.com, der me har samla Hardanger. Dette er ei felles side. Det skal vera lett å bevega seg vidare inn til alle kommunane, til næringsliv, til kunst og kultur, og sida har link direkte til regional aktivitetskalendar . Hardangerrådet si heimeside er på denne adressa, og me sender ut nyheiter og oppdateringar av regional karakter som før.

Hardangerkonferansen 2022

Hardangerkonferansen har vore ein årleg møteplass sidan 2006 med aktuelle framtidsretta tema for Hardanger. Konferansane samla i år 135 deltakarar og vart arrangert i Norheimsund på Thon Hotel Sandven 09.-10.11.2022. Hovudtema var "Styring og bruk av eigne ressursar?" [Her er presentasjonane](#)

Konferansen er eit samarbeid mellom Sparebanken Vest, Eviny, Sparebankstiftinga Hardanger, Visit Hardangerfjord, Vestland Bondelag, vertsheradet Kvam, Næringshagen i Ullensvang, Hardanger og Voss Næringshage og Hardangerrådet.

Økonomi/rekneskap

Resultatrekneskapen for drifta av Hardangerrådet i 2022 viser driftsresultat med underskot på 391.823 kr. Over-/underskot varierer frå år til år og vert regulerte via eigenkapitalen i selskapet, som pr 31.12.22 er på 2.378.869 kr medrekna bunden eigenkapital på 92.000 kr. Underskotet på drifta kjem som resultat av styret sitt vedtak om å ikkje føreta bemanningsreduskjonar, men derimot styra drifta mot eit budsjettert underskot i 2022.

Det er viktig for Hardangerrådet å ha god eigenkapital og likviditet for at ein tåler å driva prosjektarbeid. Prosjektaktivitet er nødvendig for utviklinga av Hardanger, er nyttig inntektskjelde for Hardangerrådet iks og buffer for Pensjonsansvaret til selskapet.

Det rekneskapsmessige resultatet av Prosjekt 1 (kontordrifta i Hardangerrådet iks) i 2022 viser det same underskotet på 391 823 kr, avstemt for dei prosjekta som skal først i balanse.

Konklusjonen er at Hardangerrådet iks i sum har ei sunn økonomistyring.

Hardangerrådet har ikkje avgiftspliktig salg, fordi omsetning er under 50 000. (Dette gjeld Merkevara Hardanger).

Hardangerrådet kjem inn under momskompensasjonsordninga, og i 2022 er refusjonen på kr 148.060.

Vidare drift

Årsoppgjeret er avlagt under føresetnader om vidare drift. Til grunn for dette ligg resultatrekneskap for 2022 og selskapet si strategiske prognose for åra framover. Selskapet har ei sunn økonomisk og finansiell stilling.

Arbeidsmiljø og personale

Sjukefråværet i selskapet er ubetydeleg, og tiltak på dette området er ikkje planlagde. Det er ikkje rapportert om arbeidsuhell eller ulukker i selskapet i 2022. Arbeidsmiljøet er godt og samarbeidet mellom tilsette, styret, regionrådet, rådmannsforum og prosjektleiing er konstruktivt for selskapet.


Likestilling

Selskapet har tilsett 2 kvinner og 1 mann. I selskapet sitt styre er 1 kvinne og 2 menn. Som Varamedlemmer til styret er 1 mann og 1 kvinne.


Miljø

Hardangerrådet si drift ureinar ikkje det ytre miljøet.

Kinsarvik 16.02.2023


Jostein Ljones
Styreleiar


Solfrid Horne-Moe
Nestleiar


Hans Petter Thorbjørnsen
Styremedlem


Jostein Eitheim
Dagleg leiar

Årsregnskap 2022 for Hardangerrådet IKS

Organisasjonsnr. 980045412

Utarbeidet av:

Hardanger Økonomiservice AS
Autorisert regnskapsførerselskap
Postboks 40
5786 EIDFJORD
Organisasjonsnr. 986173943

Resultatregnskap

	Note	2022	2021	Budsjett 2022	Avvik HiÅ/B
DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER					
Driftsinntekter					
Salgsinntekt		30 700	44 100	0	30 700
Tilskudd		3 535 571	3 509 449	2 543 483	992 088
Sum driftsinntekter		3 566 271	3 553 549	2 543 483	1 022 788
Driftskostnader					
Underleverandører		107 480	225 132	0	107 480
Lønnskostnad	1	2 250 934	2 411 216	2 306 074	(55 140)
Avskrivning på varige driftsmidler	2	8 108	8 108	0	5 408
Annen driftskostnad		1 603 151	1 186 729	664 448	938 703
Sum driftskostnader		3 969 974	3 831 185	2 970 522	996 452
DRIFTSRESULTAT		(403 403)	(277 637)	(427 039)	26 336
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Finansinntekter					
Annen renteinntekt		5 531	0	9 752	(4 221)
Annen finansinntekt		6 323	6 418	0	6 323
Sum finansinntekter		11 854	6 418	9 752	2 102
Finanskostnader					
Annen rentekostnad		275	52	0	275
Sum finanskostnader		275	52	0	275
NETTO FINANSPOSTER		11 579	6 366	9 752	1 827
ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD		(391 823)	(271 270)	(417 287)	28 164
Skattekostnad på ordinært resultat		0	0	0	0
ORDINÆRT RESULTAT		(391 823)	(271 270)	(417 287)	28 164
ÅRSRESULTAT		(391 823)	(271 270)	(417 287)	28 164
OVERF. OG DISPONERINGER					
Overføringer annen egenkapital	3	(391 823)	(271 270)	0	(389 123)
SUM OVERFØRINGER OG DISPONERINGER		(391 823)	(271 270)	0	(389 123)




Balanse pr. 31.12.2022

	Note	31.12.2022	31.12.2021
EIENDELER			
ANLEGGSMIDLER			
Varige driftsmidler			
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm.	2	14 720	22 828
Sum varige driftsmidler		14 720	22 828
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	4	265 958	243 460
Andre fordringer	5	42 000	75 000
Sum finansielle anleggsmidler		307 958	318 460
SUM ANLEGGSMIDLER		322 678	341 288
OMLØPSMIDLER			
Varer		84 655	78 400
Fordringer			
Kundefordringer		2 709 358	1 568 703
Andre fordringer		223 498	332 003
Sum fordringer		2 932 857	1 900 706
Bankinnskudd, kontanter o.l.	6	4 046 754	4 743 962
SUM OMLØPSMIDLER		7 064 265	6 723 068
SUM EIENDELER		7 386 943	7 064 356

Balanse pr. 31.12.2022

	Note	31.12.2022	31.12.2021
EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
Innskutt egenkapital			
Annen innskutt egenkapital	3,7	92 000	92 000
Sum innskutt egenkapital		92 000	92 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	3	2 286 869	2 678 692
Sum opptjent egenkapital		2 286 869	2 678 692
SUM EGENKAPITAL		2 378 869	2 770 692
GJELD			
LANGSIKTIG GJELD			
Avsetning for forpliktelser			
Andre forpliktelser	5	373 000	344 000
Næringsfondet	8	260 115	691 117
Kraftlinjefondet	9	871 946	864 388
Andre fond		178 007	317 828
Sum avsetning for forpliktelser		1 683 068	2 217 333
SUM LANGSIKTIG GJELD		1 683 068	2 217 333
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		203 792	88 318
Skyldig offentlige avgifter		187 154	168 704
Annen kortsiktig gjeld	10	2 934 060	1 819 308
SUM KORTSIKTIG GJELD		3 325 006	2 076 331
SUM GJELD		5 008 075	4 293 664
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		7 386 943	7 064 356

Kinsarvik 16.02.2023


Jostein Ljones
Styreleiar

Hans Petter Thorbjørnsen
Styremedlem

Solfrid Horne-Moe
Nestleiar

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar

Noter 2022

Regnskapsprinsipper:

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk. Selskapet har videre fulgt relevante bestemmelser i Norsk Regnskaps Standard utarbeidet av Norsk Regnskaps Stiftelse.

De regnskapsprinsipper som er gjengitt i regnskapslovens kapittel 4 om grunnleggende prinsipper og god regnskapsskikk og kapittel 5 om vurderingsregler er ikke gjengitt i denne innledende noten om regnskapsprinsipper dersom det ikke foreligger forhold ved regnskapsposten eller prinsippene og vurderingsreglene som fordrer en presisering (valgadgang mv).

Unntaksreglene i regnskapsloven for små foretak er anvendt der annet ikke er angitt spesielt.

Presiseringer mht regnskapsprinsipper:

Anleggsmidler

Lineære avskrivninger over driftsmidlenes forventede økonomiske levetid er lagt til grunn ved beregning av avskrivningsbeløp.

Inntektsføring

Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres i takt med utførelsen. Andelen av salgsinntekter som knytter seg til fremtidige serviceytelser, balanseføres som uopptjent inntekt ved salget og inntektsføres deretter i takt med levering av ytelsene.

Pensjonsforpliktelser

Selskapet har pensjonsavtale gjennom en forsikringsavtale. Pensjonsforpliktelser og pensjonsmidlene er ikke oppført i regnskapet. Årets betalte premie er bokført i resultatregnskapet.

Skatt

Hardangerrådet IKS har ikke erverv til formål og driver ikke økonomisk virksomhet. Hardangererådet IKS er derfor fritatt for skatteplikt og det er ikke beregnet skattekostnad i årsregnskapet.

Noter 2022

Note 1 - Lønnskostnad

Selskapet har hatt 2 årsverk i regnskapsåret.

	I år	I fjor
Lønn	2 071 901	2 061 319
Arbeidsgiveravgift	266 975	282 603
Pensjonskostnader	433 708	593 687
Andre lønnsrelaterte ytelser	-521 650	-526 393
Totalt	2 250 934	2 411 216

Pensjon

Selskapet er pliktig til å ha tjenstepensjon etter lov om obligatorisk tjenstepensjon og har pensjonsordning som oppfyller kravene etter denne loven. Pensjonsordningen omfatter 14 personer. Selskapet har ikke balanseført pensjonsforpliktelsen ihht NRS nr 8.

Note 2 - Avskrivning på varige driftsmidler

Avskrivningstablå

	Konsesjoner, patenter, lisenser o.l.	Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm.	Sum
Anskaffelseskost pr. 1/1	336 538	146 152	482 690
Anskaffelseskost pr. 31/12	336 538	146 152	482 690
Akk. av/nedskr. pr 1/1	336 538	123 324	459 863
+ Ordinære avskrivninger	0	8 108	8 108
Akk. av/nedskr. pr. 31/12	336 538	131 433	467 971
Balanseført verdi pr 31/12	0	14 719	14 719
Prosentats for ord. avskr.	20-20	10-33	

Noter 2022

Note 3 - Egenkapital - endring

	Aksjekapital / selskapskapital	Overkurs	Annen egenkapital	Sum egenkapital
Pr 1.1.	0	0	2 770 692	2 770 692
-Til årets resultat			-391 823	-391 823
Pr 31.12.	0	0	2 378 869	2 378 869

Note 4 - Egenkapitalinnskudd KLP

Innbetalt egenkapitalinnskudd i KLP i 2021 er kr 22 449. Totalt innbetalt pr 31.12.22 er kr 265 958.

Note 5 - Refusjon lønnskostnader

I/S Fjordvegen refunderer lønnskostnader inkl sosiale utgifter til Hardangerrådet for prosjektstilling. Det er avtalt at I/S Fjordvegen også skal refundere årlig pensjonspremie og pensjonsforpliktelsen Hardangerrådet har på denne stillingen.

Note 6 - Bankinnskudd, kontanter o.l.

Skattetrekkinnnskudd utgjør pr 31.12. i år kr 114 243 og utgjorde pr 31.12. i fjor kr 104 441.

Note 7 - Annen innskutt egenkapital

Hardangerrådet IKS er et interkommunalt selskap med delt ansvar. Den enkelte deltaker hefter for selskapets samlede forpliktelser med sin ansvarsandel. Deltakernes innskudd er i tråd med selskapsavtalen. Deltakerne plikter ikke å skyte inn ytterligere egenkapital.

Deltaker	Annen innskutt egenkapital	Ansvarsdel
Ullensvang kommune	48 000	44%
Kvam herad	26 000	34%
Eidfjord kommune	10 000	11%
Ulvik herad	8 000	11%
Sum	92 000	100%

Noter 2022

Note 8 - Næringsfondet

Hardangerrådet IKS har restmidler fra fylket og utbetaler midlene etter vedtak i Hardangerrådet.

Hardangerrådet IKS har pr 31.12.2022 kr 256 535 i midler som ikke er utbetalt. Av beløpet er kr 92 918 disponert og kr 163 617 udisponert.

Renteinntekter for 2022 er tillagt fondet.

Note 9 - Avbøtende tiltak kraftliner

Hardangerrådet IKS fekk tildelt kr 18 106 837 til avbøtende tiltak i samband med kraftlinesaka. Det er laga egne retningslinjer for bruken av desse midlane.

Kraftlinefondet har pr 31.12.2022 totalt kr 871 946 som ikkje er utbetalt. Av beløpet er kr 600 000 disponert og kr 271 946 udisponert.

Renteinntekter for 2022 er tillagt fondet.

Note 10 - Annen kortsiktig gjeld

		2022	2021
2940	SKYLDIGE FERIEPENGER	241 571	233 041
2952	MOTTATTE IKKJE BRUKTE TILSKOT	254925	545 542
2953	PERIODISERING KONTINGENT	2 403 170	937 271
2960	PÅLØPTE KOSTNADER	34 393	90 864
2998	INTERIMNSKONTO LØNN		12 590
	SUM ANNEN KORTSIKTIG GJELD	2 934 060	1 819 308

RAMMEBUDSJETT 2023 og ØKONOMIPLAN FOR HARDANGERRÅDET IKS 2024-2026

Prosjekt 1 Administrasjon

Årleg prisauke 3%

Årleg auke
prosjektinntekter 5%

Tekst	2023	2024	2025	2026
Driftsinntekter				
Kommunale tilskot	2 403 170	2 475 265	2 549 523	2 626 009
Inntekt frå Vestland fylkeskommune	300 000	309 000	318 270	327 818
Prosjektinntekter	155 250	163 013	171 163	179 721
Prosjekt IS Fjordvegen Rute 13	203 940	210 058	216 360	222 851
Sum inntekter	3 062 360	3 157 336	3 255 316	3 356 399
Driftskostnader				
Sum løn	2 376 350	2 447 641	2 521 070	2 596 702
Sum annan driftskostnad	671 690	691 841	712 596	733 974
Sum kostnader	3 048 040	3 139 481	3 233 666	3 330 676
Resultat	14 320	17 855	21 650	25 723



Arbeidsplan for Hardangerrådet 2023/2024



Hardangerrådet

Framlegg til årsmøtet 2023

Handling	Målsetjing	Ønska resultat	Tids-ramme	Ansvarlege	Strategi-grunnlag
Presseinformasjon	Få fram viktige tema til innbyggjarane.	Få info på trykk og i radio/TV	Etter kvart	Dagleg leiar og konsulent	Informasjon
Uttalesaker	Vera på banen og gi beskjed om kva Hardanger meiner	Stå fram som samla region.	Kontinuerleg	Dagleg leiar og rådsordførar. MRK Politisk innspel og godkjenning	Informasjon
Heimeside på Internett	Ajourhald av heimeside www.hardanger.com	Informativ og tiltalende heimeside. Forenkla tilgang til saker, møtebøker og nyhende.	Kvar veke	Dagleg leiar og konsulent + innleigd teneste	Informasjon og drift
Høyringssaker	Gje høyringar for å få fram Hardanger sine samla synspunkt	Påverka avgjerder som er aktuelle for regionen.	Fortløpande	Ordførarane, rådmennene og dagleg leiar. MRK Politisk innspel og godkjenning	Koordinering
Merkevare Hardanger Paraplymerking av regionen	Administrera dei formelle delane ved prosjektet og lisensiering av brukarar. Jobba med spreingsarbeidet av MH med logo. i Hardanger brukar MH-paraplyen.	At Hardangermerket vert kjend over heile Noreg og i utlandet. Auka bruk av offentlege og private næringsaktørar	Kontinuerleg	Dagleg leiar og konsulent.	Informasjon, drift og koordinering.
Samarbeid med kringliggjande Regionråd om politiske og praktiske tiltak av felles interesse	Skapa nettverk og utnytta påverknadseffekten av samspelet mellom regionar. Etablere møteplassar mellom regionråda Særleg fokus på samarbeid med Sogn regionråd	Vedtak og økonomiske ordningar som styrker regionen	Ved høve	Rådsordførar og dagleg leiar MRK Politisk innspel og godkjenning	Samarbeid og Koordinering



Arbeidsplan for Hardangerrådet 2023/2024



Hardangerrådet

Kraftsaker i regionen	Arbeida for at kraftressursane vert utnytta lokalt og ikkje ført ut av regionen. Jfr. oppfølging av Grøn Region Indre Vestland	Kraft og kraftressursar til verdiskaping i Hardanger	Kontinuerleg	Ordførarane og dagleg leiar MRK Politisk innspel og godkjenning	Koordinering
Hardangerkonferansen	Arrangera Hardangerkonferansen i saman med Næringslivet og Ungdomsrådet	Samhandling i Hardanger om aktuelle tema.	Årleg	Dagleg leiar og konsulent	Samarbeid og Koordinering
Internasjonale Hardanger	Dra nytte av, utvida og utvikla regionen sitt internasjonale arbeid gjennom kommunane, næringslivet og eigne prosjekt	Internasjonalt siderprosjekt, StrideforStride	Kontinuerleg	Dagleg leiar og konsulent, Team Hardanger	Koordinering og næringsutvikling
Merkevare Hardanger. Rekruttering og identitetsbygging og rekruttering innanfor fruktnæring, lokalmatproduksjon og reiseliv	Styrka merkevare Hardanger, Auka rekruttering og produksjonsvolum for frukt, sider og lokalmatproduksjon, Styrka marknadsføring og distribusjonsapparat.	Ein merkevare som styrkjer næringslivet i regionen.	Kontinuerleg	Dagleg leiar og konsulent	Næringsutvikling Marknadsføring
Omdømebygging	Styrkja Hardanger sin posisjon som attraktiv bu- og arbeidsregion	Leggja tilrette for tilstrekkeleg tilgang på rett kompetanse til arbeidslivet.	Kontinuerleg	Dagleg leiar og konsulent	Utdanningstilbod Næringsutvikling Marknadsføring